

## Vandringsgudsteneste for store og små – forslag til oppsett og stoppestadar:

Stoppestad og gudstenesteledd:	Forslag til salme*, bøn og tekst:	Kommentar:	Pilegrimstradisjonen:
<b>Førebuing</b> (sjå eige dokument)		Praktisk info (sjå anna dokument). Skap forventning!  Del inn i høveleg grupper med 8 -10 i kvar gruppe	Kort info om kva ein pilegrim har med seg (sjå anna dokument). Pilegrimspass med helsing frå soknepresten og oppmoding om å ta godt imot dykk på vegen.
<b>STOPPESTAD:</b> <b>Klokkeringing,</b> <b>blåseinstrument o.l.</b> <b>Nådehelsing:</b>  <b>Salme:</b>  <b>Samlingsbøn:</b>  <b>Salme:</b>	<i>«Nåde vere med dykk på vegen og fred og velsigning frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus»</i> <b>Himmelske Far du har skapt oss 712</b>  <i>«Lik eit korn som veks i jord, skap Gud i oss, tru av ord.»</i>  <b>Må din vei komme deg i møte 624, 1.v</b>	Songteksta på ark for dei som kan lese. (evt kutt nokre vers) De kan òg velje ein salme alle kan og som passar til tema t.d. «Måne og sol» 1. v.  Be ved at eit <b>heilkorn</b> vert sendt rundt i gruppa. Gjenta bøna for kvar som held kornet.	<b>Samling med utsending, bøn og velsigning</b>
<b>STOPPESTAD</b> <b>Kyrie:</b>	<i>Kyrie eleison</i>	I staden for ein vanleg stor stein, legg <b>ein liten stein i eine (begge?) skoen</b> og gå med den til neste stoppestad.	<b>Plukke med ein stein</b> Etter tradisjonen til å leggje ved «påkastrøysa».

		Syng så kyrie. Bruk gjerne eit kjent kyrie! Syng gjerne kyrie mens de går til neste stoppestad (ikkje for langt!)	
<b>STOPPESTAD</b> <b>Gloria:</b>		Legg alle småsteinane på ein høveleg plass, gjerne ved eit kors.	<b>Legge frå seg steinen ved påkastrøysa</b> Etter tradisjonen når ein ser målet, men her tidligare viss ein ynskjer det
<b>Salme:</b>	<b>Du er hellig du er hel</b> <b>287</b> <b>Gud er din hvile 459</b>	Syng gloria, gjerne eit enkelt glorialedd + ei salme (lovsong) t.d. <i>Måne og sol</i>	
<b>STOPPESTAD</b> <b>«Ordet»</b> <b>«meditasjon»:</b>	<b>«Lik eit korn som veks i jord, skap Gud i oss, tru av ord.»</b>  <b>Likninga om sennepsfrøet</b> (Mark 4, 30 – 3)	1. Gjenta bønna slik at alle hugsar den 2. Grav i jorda og finn noko veldig lite, legg det på eine neglen din!  3. Les bibelteksta mens alle kjenner på kornet sitt.  4. Som <b>preike/meditasjon</b> (sjå anna dokument) Lag aktuelle <b>undringsspørsmål og samtal gjerne i gruppene</b> . Her er nokre eksempel (ikkje systematiserte): - Eg undrar på kva som gjer at kornet byrjar å spire? - Eg undrar på kvifor det tek så lang tid? - Eg undrar på kven Gud er? - Eg undrar på kva som hadde skjedd viss nokon hadde teke patent på såkornet eller stjåle det? - Eg undrar meg på korleis jorda kjente det når alle røtene begynte å gro? - Eg undrar kva dette har med deg å gjere? - Eg undrar på kva alt dette har med skaparverket å gjere? - Eg undrar på kva kornet har med rettferd å gjere?	
<b>Salme:</b>	<b>Når et bitte, bitte, bitte</b>	La alle lære refrenget og ha teksta på arket.	

<b>Truvedkjenning:</b>	<b>lite frø 787</b> <i>Vi trur på Gud Fader, skaparen, som er i alt. Vi trur på Jesus Kristus, frelsaren som sett fri Vi trur på Den Heilage Ande, som er liv og mangfald.</i>	5.Gjenta linje for linje, (slik at dei som ikkje kan lese kan vere med)	
<b>STOPPESTAD</b> <b>Forbøn:</b>	<i>«Lik eit korn som veks i jord, skap Gud i oss, tru av ord.»</i> I førebuingane: Lag <b>to-tre korte bønledd</b> (sjå anna dokument). Be veksling med den «gule bønna».	Alle gjentek «den gule bønna»	<b>Bøn (tidebøn) som del av pilegrimsvandringa</b>
<b>Salme:</b>	<b>Gud pass på vår jord</b> (Frå musikalen «Å så vakkert», IKO Forlaget)	Syng før og etter forbønna.	
<b>STOPPESTAD</b> <b>Nattverd og måltid:</b>		Viss stoppestaden er ute: Nytt ein forenkla nattverdsliturgi. Sei gjerne ein setning om samanhengen mellom kornet og brødet i nattverden. Det kjem frå sama jorda og vender attende til jorda La born vere med å stå med kalken. Bruk gjerne ordentlig brød (hugs at det skal vere glutenfritt). Ha gjerne med duer for å syne samanhengen mellom vinen og druene. Det er viktig at nattverden vert feira fyrst, og så er det tid for anna måltid!	<b>Måltida er viktig del av pilegrimens vandring</b>
<b>Nattverdsalme:</b>	<b>Når vi deler det brød 608</b> <b>Ingen er for liten 623</b>		
<b>ENDESTOPPESTAD</b> <b>Velsigning og</b>	<b>Må Gud velsigna deg 638</b>	Som symbol på at vi deler: Del ut eit korn til kvar, som vert gitt vidare til ein annan (i gruppa?)	<b>Velsigning for livsvandringa vidare</b>

<b>utsending</b>			
------------------	--	--	--

\*Alle salmene er frå Norsk salmebok 2013

**Fleire alternative salmer:**

Vern og beskytt meg 725

Skaperens stemme 295

Herre din jord bærer mat nok for alle 766

Del ditt brød med sulten bror 711

Såkorn som dør i jorden 161

Vi er et folk på vandring 618

**Alternativt stoppestad: Dåpspåminning**

Det er fint å ha dette som ein stoppestad enten tidleg i vandringa der det er eit vatn eller ein bekk. Gjer merksame på at dette er ei dåpspåminning. Alternativt i kyrkja før nattverden. Har de høve til å flytte døypefonten bak i kyrkjerommet er det veldig fint (og etter tradisjonen). Ein teiknar med dåpsvatn inni handa til kvar einskild og seier ei velsigning, t.d. «Herren velsigne deg og vare deg». Etterpå kan handa lukkast rolig igjen. Ha gjerne song/orgelmusikk.